

Nils Andre Kolås
Kolåsvegen 133
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/7639 - 21/46428

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
28.06.2021

Etterlysing søknad for utført tilkopling til kommunalt avløpsanlegg - gbnr. 107/2 Kolås

Viser til vårt brev av 04.05.2020 der vi opplyser om at vi har motteke melding frå Norva24 AS om at det ved tømning av septiktanken din den 23.03.2020 vart registrert avvik i den. Viser og til vårt brev av 17.06.2021 med førehandsvarsel om pålegg om retting med frist for utbetring av tanken satt til **31.10.2021**.

Alver kommune har den 22.06.2021 motteke ein e-post frå deg med informasjon om at septiktanken vart utbeta i april 2021 og at den no er tilknytt den kommunale avløpsanlegget.

Tilkopling til det kommunale avløpsnettet er eit søknadspliktig og gebyrbelagt tiltak, jf. plan- og bygningslova § 20-1 bokstav f.

Etter plan- og bygningslova § 20-3 er dette eit søknadspliktig tiltak der det blir stilt krav om ansvarleg føretak.

I henhold til kommunens registre er det kun driftsbygningen på eigedommen som er omsøkt og godkjent tilknytt til offentlig avløpsanlegg, sjå **sak nr 20/17094**.

Vi ber deg difor om å sende inn erklæring/søknad på utført arbeid, samt rørleggjarmelding, på det arbeidet som gjeld utbetring av tanken og tilkoplinga av den til kommunalt avløpsanlegg.

Dokumentasjon over utført arbeid sendast til:

- post@alver.kommune.no
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

Frist for innsending av dokument vert satt til **31.08.2021**.

Vi legg ved oversikt over Alver kommune sitt gebyrregulativ av 2021 og Alver kommune si forskrift for vass- og avløp til orientering.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Forskrift vass--og-avløpsgebyr Alver kommune godkjent 17.12.2020
Gebyrregulativ for Alver kommune 2021

Mottakarar:

Nils Andre Kolås

Kolåsvegen 133

5955

LINDÅS